

# Gruveområdet på Lykling skal kartleggjast: – Gull vil vera ein bonus!



SAMARBEID: Erik Joa i Norge Mineraler AS saman med grunneigarane Sindre og Thor Audun Larsen i gullgruveområdet på Lykling. Foto: Kristine Sele

Norge Mineraler AS har fått løyve til å undersøkje kva mineral som finst i gullgruve-området. Både Bergmeisteren, Bømlo kommune og grunneigarane har sagt ja.

**Kristine Sele**

Publisert: 22.06.2022 16:00Sist oppdatert: 19:50

Grunneigarar er Thor Audun og Sindre Larsen på Lykling. Sindre seier at han alltid har undra seg på om dei tok ut alt gullet for cirka hundre år sidan.

– Er det meir att her ute? Det er veldig spennande å sjå kva som kjem ut av denne undersøkinga, seier han, som driv Gullvegen Gardsenter saman med Runa Alvsvåg Folgerø.

Han forklarar at grunneigarane ikkje har så mykje å seia, så lenge Bergmeisteren gjev løyve. Bergmeisteren er embetsmann med ansvar for å forvalte bergverks-lovgjevinga og har tilsyn med bergverksdrift. Staten eig alt som ligg i grunnen.

– Her må ein visa varsemd og halda seg til regelverket, finna gode og berekraftige løysingar, seier Sindre Larsen.

## Bergmeisteren styrer over grunneigaren



DALANE: Dette kjerneboringsutstyret er no i bruk i Dalane, same type skal nyttast på Lykling.  
Foto: Norge Mineraler AS

Far til Sindre, Thor Audun Larsen, seier at han har tenkt at kulturhistoria frå gruveområdet skulle gå vidare urørt til komande generasjonar.

– Men ting er større enn ein sjølv, og det er Bergmeisteren som styrer over grunneigarane. Når han seier ja, blir det slik. Eg trur dette blir bra, opplegget er seriøst, det blir ikkje tut og køyr. Det skal gjerast skikkeleg, og me ser fram til å samarbeida med dei, seier Thor Audun Larsen.

## Fokus på kritiske råmateriale



REPRESENTANT: Erik Joa arbeider i Norge Mineraler AS og har hatt mange turar til Bømlø og gullgruveområdet for å førebu kjerneboringa. Han rosar grunneigarane for godt samarbeid. Foto: Kristine Sele

Erik Joa er samfunnskontakt i Norge Mineraler AS i Egersund, dotterselskap av eit engelsk gruveselskap.

- Kva undersøking skal de gjera på Lykling, Joa?
- Me har søkt om å få kartleggja kva mineral som finst her i området. Geologien er veldig kompleks, her er høve for spennande funn.
- De håpar på eit nytt gulleventyr?
- Me vil kartleggja heilskapen, og har fokus på kritiske råmateriale. Det er råmateriale som har stor økonomisk tyding, med omsyn til forsyningssikkerheit, seier han og forklarar:
- Europa har større behov for råmateriale enn dei har sjølv, dei er avhengige av Kina og Russland, og i dagens situasjon er dette veldig risikabelt.
- Dei aktuelle råmateriala vert nytta som tilsetjing til stål, i batteriteknologi, i kunstige hofter og det kvite i tannkrem, opplyser Joa.



## Målingar i vinter

Norge Mineraler AS gjennomførte ein del målingar i gruveområdet i vinter, ved hjelp av drone. Då fekk dei fram data som var lovande.

– På grunn av leiting på overflata meiner me det er grunnlag for å undersøkje vidare. Me veit det finst magnetitt, som inneheld vanadium, og titan som er knytta til elemenitt.

– Kva med gull?

– Dersom det viser seg at ligg gull i grunnen, er det rein bonus, smiler han.

## Til formannskapet

Direktoratet for mineralforvaltning har sendt varsel til Bømlo kommune om undersøkingsarbeid etter minerallova paragraf 18 i området Gullgruvene på Lykling frå selskapet Norge Mineraler AS.

Kommunedirektøren i Bømlo meiner at selskapet bør kunna gjennomføra leiteverksemda dei har varsla, men Bømlo kommune vil i arbeidet med arealdelen til ny kommuneplan vurdere om ein skal opna for mineraluttak i området.

Selskapet må søkja til Bømlo kommune om løyve etter plan- og bygningslova før varsla boring kan starta opp. Det må også søkjast om løyve etter lov om motorferdsel i utmark dersom det skal nyttast motoriserte køyretøy eller helikopter i arbeidet.

Formannskapet i Bømlo behandla saka i møte 9. juni 2022, og gjekk samrøystes inn for kommunedirektøren sitt framlegg.

## Start i august

– Kor omfattande inngrep skal gjerast?

– Det blir ikkje skyting eller bruk av store boreriggjar, men boring med lett kjerneboringsutstyr. Arbeidet vil starta i august og me reknar med at det vil ta ti veker. I den tida vil fem-seks geologar vera til stades, i tillegg til teknisk personell, seier Joa, og understrekar at det er viktig for selskapet å ta omsyn til natur og dyr, og samarbeida med lokale grunneigarar og kjøpa tenester lokalt. Han rosar også Arne Thorsen, som har vore til stor hjelp for geologane.

– Det finst mykje god kunnskap her!